

Somaliske flyktningar i møte med offentlege Norge: «Problematiske» eller berre annleis enn «oss»?

Artikkelen er tidlegare publisert i *Fontene* 1/2004 og gjengis her med forfatterens og Fontenes tillatelse

Kvifor blir somaliske flyktningar så ofte referert til som «problematiske» i offentlege diskusjonar om integrering? Er det forskjellane frå «oss» som er så vanskelege å tole i norske kontekstar? Kva faktorar verkar inn på sosiale prosessar, der somaliske flyktningar og lokale offentlege instansar er sette til å samhandle?

Hovudtemaet i artikkelen er oppfatningar om barns beste i møte mellom lokale offentlege instansar og somaliske foreldre i ein bygdeby på Vestlandet. Oppfatningane kan koplast til fellesarenaer som skule og barnehage, og situasjonar der partane framhevar kulturelle særtrekk som teikn på forskjellar frå, eller som teikn på tilknytning til eit gitt vidare fellesskap. Eg spør her om «det problematiske» også kan forklarast i lys av partane sine ulike verdsbilete (Tambs-Lyche, 1991).

Metode og empirisk materiale

Datamaterialet i artikkelen er tufta på ein studie av relasjonar mellom åtte familieeiningar med somalisk bakgrunn og representantar frå majoritetsbefolkninga i den vestnorske bygdebyen Berg¹ (Klepp, 2002). Undersøkinga vart gjennomført ved hjelp av deltakande observasjonar og intervju i ei periode på fem månadar hausten 1999 og våren 2000. Majoritetsbefolkninga er her avgrensa til *det offentlege*. Denne nemninga vil bli brukt i det vidare, og representerar ei fast tverrfagleg gruppe som eg følgde under feltarbeidet. Gruppen var samansett av tilsette frå sosialkontor, barnevern, flyktningkontor, skulekontor, helsestasjon, frivilljugsentral, vaksenopplæring og bustadkontor.

Dei somaliske familiane

Under perioden for datainnsamlinga budde ca. 60 flyktningar med somalisk opphav i Berg; ei kommune med ca. 7000 innbyggjarar. Av desse var det åtte familieeiningar som bestod av femten foreldre og til saman 21 barn, i alderen 1–14 år. 6 av dei 8 familiane hadde busett seg i sentrumsområdet (Sentrum) i Berg, nær kvarandre. Dei to andre familiane budde i Dalen, 5–8 km frå Sentrum og ca. 3–4 km frå kvarandre. Alle fedrane

var i arbeid, og mødrene var anten i deltidsarbeid, under utdanning eller ein kombinasjon av begge deler. Ingen av informantane mottok økonomisk sosialhjelp i laupet av perioden eg gjennomførte feltarbeidet.

Norsk forskning om somaliarane

Då eg starta feltarbeidet blant somaliske familiar i bygdebyen Berg, var forskingsmaterialet om den somaliske befolkninga i Noreg hovudsakleg knytt til studier frå urbane stork (Vassenden 1997, Kalve 1997, Djuve og Hagen 1995, Djuve og Pettersen 1998, Marametdjian 1995, Højdahl 2000). Ein grunn til det kan vere at Oslo² og nokre av dei andre større byane hadde busett flest somaliske flyktningar. I dei fleste av rapportane blir somaliarane presenterte anten som den mest problembelasta innvandrargruppa, eller i beste fall i teten av grupper som skårar høgst i høve levekårsvariablar med minusforteikn. Kort oppsummert er somaliske innvandrarar i Noreg framstilte som dei største brukarane av sosialhjelp, og som den minoritetsgruppa som har største vanskar med å etablere seg på bustad- og arbeidsmarknaden. Vidare har dei høgste fødselstal pr. kvinne, er involverte i flest barnevernssaker og har den høgste skilsmissefrekvensen, samanlikna med andre par med felles landbakgrunn og minst fem års butid i Noreg (ibid).

Med få unntak er forskingsarbeida det her vert referert til, baserte på innvandarstatistikk og kvantitative levekårsstudier³. Bortsett frå at biletet av somaliarane vart måla med akademiske og forskingsmessige penselsstrok, representerte dei langt på veg ei forlenging av det miserable gruppebiletet som allereie tidleg på nittitalet vart teikna av dei i media. Som kritisk innspel i debatten om flyktning- og migrasjonsforskninga på slutten av nittitalet, etterlyste difor John Chr. Knudsen (1997) eit større medvit kring spørsmål som forskarar stiller. «Hva er våre hensikter? (...) Og til hvilken anvendelse kommer de svar vi mener å ha funnet?» spør han, og peikar på at vi må lytte til stemmene og slutte å referere til flyktningar som «gående, levende, tikkende bomber blant oss – rede til å eksplodere i vår midte, slik media og deler av krisepsykiatrien uttrykker det» (1997:7).

² Av 5300 somaliske asylsøkjjarar i Noreg var 2715 busett i Oslo (Oslo Statistikken 1997).

³ Seinare studiar av somaliarane i Noreg har i større grad vektlagt kvalitative tilnærmingar (m.a. Fangen, 2008, Eide og Simonsen 2007, Klepp, 2003)

¹ Alle namn på personar og stadar er fiktive

Barnets beste i lys av rangerte verdsbilete

Med sine uendelege tydingar, kan omgrepet *barnets beste* knytast til ulike diskursar, og kan omtalast både innan snevre og vide rammer. Omgrepet inneheld førestillingar om kva som både fremjar og hemmar vekst og utvikling hjå born og unge, utifrå visse idear om verdier og mål i oppsedinga. I denne artikkelen er omgrepet nytta i ei vid tyding innanfor rammene av ein argumentasjon knytt til dei somaliske familieane sin integreringsprosess i lokalsamfunnet. Syn på familien som institusjon og tilhøvet mellom foreldreansvar og det offentlege sitt ansvar for borna sin vekst og utvikling, er viktige aspekt i forhandlingar og kompromiss mellom dei somaliske foreldra og det lokale offentlege hjelpeapparatet. Oppfatningar om kva som var til det beste for borna var forankra i ulike verdier og fokus for kva som var viktig, både i eit her og no-perspektiv og i eit framtidsperspektiv. Med ulike framtidsperspektiv siktar eg til den norske skulen og det offentlege sine mål om å skape «gagnlege menneske» integrerte i det norske samfunnet og foreldra sine ønskje om ei vidareføring av eigen kulturell tilknytning gjennom borna. Det siste vart gjerne kopla til eit ønske om ein gong å vende attende til heimlandet.

Møter i dagleglivet mellom det offentlege og somaliarar i Berg, kan framstillast som møter mellom representantar for ei majoritetsgruppe og ei minoritetsgruppe. Det dreier seg difor ofte om møter mellom ein sterk og ein svak part (Grønhaug, 1979), implisitt eit rangsforhold mellom partane. Harald Tambbs-Lyche (1991:141) skriv at for å forstå stereotypidanning mellom rangerte folkegrupper må vi konsentrere oss om det referansepunktet gruppene har i *verdsbiletet* sitt. Verdsbilete kan forståast som eit kognitivt overbyggjande meiningssystem som medlemmer av ein kultur i varierende grad sluttar seg til, og som dannar grunnlag for verdier, normer og svar på meininga med tilværet.

Dei somaliske foreldra sine oppfatningar om kva som var til det beste for borna sine kan koplast til ei islamsk og nomadisk familieførståing og slektskapsstruktur (les også om «den somaliske faktor», Keynan, 1999, 2002). Barnet som individ vert innanfor dette meiningssystemet automatisk plassert i ei definert rolle. Heilt frå dei er små vert somaliske born fortalt kva rettar og plikter dei har gjennom rolla dei er fødte inn i. Syntet på kjønnsroller, kosthald og skikkar vart gjerne trekte fram som kontrasterande til «det vestlege og norske». Det er viktig også å vere klar over at foreldre som har kjempa for eigen og borna sin tryggleik i eit krigsherja land, ikkje først og fremst utøver barneoppdragelse. I ein slik situasjon er målet å

overleve - også i eksil. Og for å overleve må ein halde saman (les også Somaliaprojektet, 2001).

På same vis kan ein gå utifrå at det offentlege sitt syn på barnet som individ er prega av eitenking innanfor meir og mindre felles referanserammer og meiningssystem. I dette meiningssystemet likar «vi» å tenke på barnet som eit autonomt, sjølvstendig individ. Det handlar også om yrkesutøvarar som i sitt daglege arbeid er styrt av lover og forskrifter, samstundes som dei skal utøve skjønnsmessige vurderingar av kva som er rette og gale avgjersler. Gjennom ein vestleg individualistisk tenkemåte og ein norsk sosialdemokratisk tradisjon, fekk omgrepa kontroll, likehandsaming, endring og integrasjon, ei bestemt og ofte konkret meining i den lokale offentlege diskursen om somaliarane i Berg.

Med inspirasjon frå Aril Hovland (1996) sin bruk av omgrepet *diskurs*, nyttar eg diskursomgrepet som reiskap for ei tematisk avgrensing, for å kunne tale om visse idear som vert forvalta og drivne fram av informasjon og inntrykk frå ulike sosiokulturelle nivå. Med utgangspunkt i eit slik perspektiv vert informantane sine forteljingar om kvarandre presenterte innanfor rammene av følgjande to diskursar: Ein lokal offentlig diskurs om somaliarane og ein somalisk diskurs om *det offentlege norske systemet*.

Diskursen om somaliarane

«Det er ikkje mogleg å ha kontroll over somaliarane»

Vi har i grunnen lite med somaliarane å gjere, samanlikna med andre flyktninggrupper. Dette trass i at dei utgjør den største gruppa flyktningar i bygda. Somaliarane ordnar seg sjølve, og dei aller fleste har jobb i fabrikkane. Det hender dei ber om hjelp til å skaffe kommunale bustader, men stort sett ordnar dei seg også husvære sjølve. (flyktningkonsulenten).

Det er problem med somaliarane overalt når det gjeld å innrette seg etter norsk skule og barnehagesystem (offentleg tilsett ved skuleetaten).

Dei ser ut til å vere dei av flyktningane i kommunen som har vanskelegast for å innrette seg etter det norske samfunnet (offentleg tilsett ved sosialetaten).

Utsegnene over er karakteristiske for korleis offentlege tilsette omtala somaliarane i bygda. På den eine sida som «uproblematiske» med bakgrunn i at dei fleste familieane klarte seg relativt godt utan økonomisk sosialhjelp og ordna seg både arbeid og husvære gjennom eigne kontaktar og nettverk. På den andre sida kom det stadig til uttrykk ei uro for at

den somaliske gruppa auka utan at det offentlege kunne gjere noko frå eller til med det. I eit intervju med flyktningkonsulenten vart fenomenet karakterisert som urovekkjande mange som berre «kjem rekandes på ei fjøl». Ho sikta då til såkalla «sekundærflyktningar» som etter å ha vore etablerte via UDI⁴ i ei primærkommune, seinare og på eige initiativ flyttar til ei ny kommune. Så lenge det private næringslivet i Berg hadde bruk for arbeidskraft, ville denne tendensen vare ved, meinte dei. Med andre ord ei tvitydig og ambivalent haldning til dei som gruppe.

Informantane innan det offentlege var ulikt posisjonerte i høve til dei somaliske foreldra, gjerne avhengig av kva kontakt og kjensskap dei hadde til familiane i ulike kontekstar. Til dømes om relasjonen var reint profesjonell i eigenskap av stilling og profesjon (status og rolle), eller om dei i tillegg også var naboar i den vesle kommunen.

Representantar i den tverrfaglege gruppa forklarte at den primære oppgåva deira framover var å arbeide for å få i gong dialog mellom dei somaliske foreldra og skule- og barnehagepersonellet. Dette vart framstilt som ein viktig førebyggjande strategi, der særleg borna sin situasjon vart fokusert. Sjølv om det vart poengtert at bygda også hadde andre flyktninggrupper som trong oppfølging, bestemte gruppa seg likevel for å prioritere somaliarane. Avgjersla om å prioritere somaliarane framfor andre minoritetsgrupper vart teken med utgangspunkt i ei oppfatning av dei som markant annleis enn andre flyktningar i bygda. Dei vart oppfatta som høflege, men vanskelege å kontrollere fordi dei oftast tok andre avgjersler enn dei vart tilrådd frå det offentlege. Som flyktningkonsulent uttala med ei blanding av humor og resignasjon: «Det er ikkje mogleg å ha kontrollen over somaliarane». Andre igjen påpeika at somaliarane var den flyktninggruppa som hadde største vanskar med å tilpasse seg det norske samfunnet. I diskusjonar der den tverrfaglege gruppa diskuterte kva som var *annleis* og *problematisk*, vart gjerne familiane sin *livsstil* fokusert, og konsekvensar denne livsstilen kunne ha for dei somaliske borna. Idear til korleis gå fram for å oppnå *ending*, var difor gjennomgåande tema på møta.

«Dei held seg berre til sine egne»

At dei fleste somaliske familiane budde nær kvarandre geografisk, vart trekt fram som eit problematisk aspekt ved familiane sin livsstil. Fleire av dei offentleg tilsette hadde ei formeining om at når somaliarane budde så

nær kvarandre, kunne det vere ei barriere for integrering i lokalbefolkninga. For mange synlege utlendingar samla på ein stad kunne skape framandfrykt og hindre at etniske norske naboar torde å ta kontakt, meinte dei. Ein annleis hudfarge spela ei vesentleg rolle her. Andre trekte fram at når flyktningar har sine egne landsmenn innan nær rekkevidde, vil dei kanskje ikkje kjenne trong for å ta kontakt med nordmenn.

«Dei (borna) snakkar for dårleg norsk», «foreldra kommuniserar for dårlig med skulen» og «dei kan ikkje å leike som andre born» *fordi* «dei (foreldra) held seg berre til sine egne», «dei let ikkje borna gå i barnehage» og ikkje minst *fordi*; «dei reiser så ofte til utlandet». Dette var utsegn frå møta i den tverretatlege gruppa og frå samtaler eg hadde med lærarar og førskulelærar i kommunen. Sjølv om utsegna ikkje nødvendigvis kvilte på fakta om alle familiane, vart dei som oftast tillagt heile gruppa i ein «dei»- kategori.

Tilsette i det lokale hjelpeapparatet ga uttrykk for ei oppfatning om at det var deira plikt i tråd med nasjonale flyktningpolitiske føringar, å setje i verk prosedyrar for integrering av flyktningar i lokalsamfunnet. I dette låg det mellom anna krav om å innfri sentrale velferdsgode i form av skule, barnehage og sosiale tenester av ulikt slag.

«Det problematiske» dukka gjerne opp når somaliske foreldre takka nei til såkalla friviljuge tiltak frå det offentlege, eller når dei sjølve kom med alternative forslag til kva som kunne vere til det beste for borna sine. Eit døme på friviljuge tiltak frå kommunen kunne vere tilbodet om barnehageplass. Tiltaket vart løfta fram som ein viktig læringsarena for det norske språket og norske kulturelle kodar ved sosial interaksjon. I den tverretatlege gruppa vart barnehagen framheva som den viktigaste innlæringsarenaen og førebuing til grunnskulen for innvandrarborn generelt, og for dei somaliske borna spesielt. At foreldra ikkje nødvendigvis prioriterte barnehageplass som ein sjølv sagt utgiftspost i kvardagen, vart difor omdiskutert som problematisk.

Diskursen om det offentlege norske

«Systemet vil vite alt om deg i Norge»

Somaliske foreldre opplevde det offentlege sitt syn på kva som var best for borna deira, langt på veg som ei einseitig tilpassing til «det norske». Dei sakna ofte ei forståing frå offentleg tilsette om at tilpassing til det norske samfunnet også kunne dreie seg om vedlikehald av somalisk identitet og kultur. Med andre ord, korleis skape meining som «somaliar» omringa av det dei oppfatta som «norsk».

Foreldra sitt syn på det offentlege var også påverka av

⁴ UDI: Utlendingsdirektoratet

røynslene dei hadde frå tidlegare busettingskommunar. Mange hadde hatt til dels lange periodar som sosialhjelpsmottakarar, i for dei vanskelege og uoversiktlege byråkratiske system. I Berg var dei mindre avhengige av det offentlege, i tydinga av at dei no endeleg kunne livnære seg sjølve. Det var ei generell oppfatning mellom dei somaliske informantane, at dersom det offentlege skulle hjelpe dei med noko, måtte det vere i høve til språkopplæring for nyttilkomne og problemrelaterte til familiesameiningssaker.

Fleire av familiene i sentrum sa at dei opplevde det som unaturleg og vanskeleg når det offentlege og staten blanda seg inn i privatlivet deira, anten i form av rettleiing eller særskilde tiltak. I Somalia var det ingen offentlig instans som hjalp dei med noko. Ein av informantane sa det slik:

Å komme fra Somalia til Norge, det er som å gå fra 0 til 100. Vi reiste fra et nullstyrt land til et ekstremt gjennomorganisert samfunn. Det er ikke noe «vesen» som fungerer i Somalia. Der finnes ingen samfunnsstruktur. Jeg har aldri fått en regning i posten der. Penger går fra hand til hand, avtaler går fra munn til munn. Man må vite hvem man kan stole på og regne med. Det er menneske det handler om. Hvem som er venn og hvem som er fiende. Ikke noe system virker lenger. Ingen velferdsstat som her... (Issak)

En somalier uten familie og slekt, er som en gresshoppe uten vinger (Ibrahim, far til tre)

Ei slik vengjelaus grashoppe vil snart dø, fortalde Ibrahim. Ved å vektlegge særtrekk ved eigen kultur, gjennom kraftfulle metaforer og tradisjonelle ordtak, formidla dei somaliske foreldra ofte indirekte oppfatningar om «nordmenn, norske foreldre og det norske systemet».

Ein fugl som flyge omkring aleine vil til slutt lande med hodet i slangens munn (Nuria, mor til fire jenter under skulealder)

Med denne metaforen skildra Nuria korleis det kunne gå med born som ikkje fulgte familien og foreldra sine råd. Metaforen brukte ho for å skildre det ho framheva som eit somalisk syn på kva som var det beste for borna. Å gå sine egne vegar framstilte ho i negativ kontrast til det å lytte til foreldra og følgje familien sine råd. Å tale om barns ve og vel, utan først å gå vegen om foreldra og familien, var ein framand tanke for dei fleste av informantane i Berg. I ein somalisk kontekst symboliserte individet meining berre som ein del av ei større eining; nemleg familien og slekta. Nuria poengterte ofte dette synet, i kontrast til det ho

kalla «det norske». Ho kunne seie det slik (her på lokal dialekt):

Norske foreldre bryr seg ikkje om borna sine slik me gjer det. Borna går sine egne vegar og lær `ikkje å respektere foreldra sine. Dei snakkar til foreldra som om dei var likestilte, og av og til som om det e dei som bestemme over foreldra. Det e ikkje bra.

For dei somaliske foreldra var det viktig å rettleie borna «slik at dei skjønner kven dei er» (sitat frå ein informant). Alle somaliske born skal vite kven dei er innan slekta si, kven som er i slekt med kven, og kven som skal visast respekt. Somaliaforskeren Ioan M. Lewis (1994) skildrar den symbolske verdien av familien og slekta i fleire av arbeida sine. Han hevdar m.a. at der knapt finnast områder innan somalisk sosialt liv der påverknaden av slektskap er fråverande.

Foreldra sine historier om verdien av slekt og klanstilknytning var også prega av ambivalens. Nokre fortalte at dei ofte var urolege for å snakke om dette med klan fordi dei oppfatta dette som eit upopulært tema i Norge. Også Hassan Keynan (1999:160) stiller følgjande spørsmål: «Why are so many Somalis so deeply ambivalent about the clan system?». Dei somaliske foreldra i Sentrum viste til vonde opplevingar med klanskonflikter i heimlandet og ville helst ikkje rippe opp i dette. Nokre såg på Noreg og eksiltilværet som ein stad der dei kunne «byrje på nytt», og klanstilknytninga spela ikkje lenger så stor rolle som før. «I Norge er vi alle somaliarar, og vennskap er viktig uansett klan» (Halima og Osman i Dalen).

I ein samtale med Adaan, som hadde overteke omsorga for to einslege mindreårige born⁵ frå eit norsk asylmottak, sa han det slik:

Det er sjølv sagt plikta mi å ta hand om søstera mi sine barn. Min søsters barn er mine barn. Det er somalisk tradisjon å verne borna innanfor slekta; «sirklar»⁶ som du kallar dei. Dei er der, men dei er også klart svakare i eksil. Her er vi så langt borte frå resten av familien og slekta. Også i Somalia er dei tradisjonelle ansvarssirklane sterkt svekka på grunn av krigen. Før krigen kunne vi til og med gifte oss på tvers av klanar. Det går ikkje no lenger, men i Noreg må vi jo prøve å halde saman vi som er her.

Stabiliteten til dei ulike ansvarssirklane som femnar om born, vert aktivert når den inste sirkelen av ulike årsaker bryt saman. Til dømes når ein far, eller ei mor - eller begge døyr, eller av andre årsaker ikkje kan ta hand om barnet /barna. Det største ansvaret for barnet

⁵ Norsk omgrep for barn under 18 som har kome til Noreg utan sine biologiske foreldra sine.

⁶ For å vise og forklare vart det teikna sirklar på papir medan vi samtala om dette

ligg då til personar som er nærast barnet utifrå faren si slektsline, og som i det somaliske språket vert kalla *tol* (Lewis 1994:82). Lewis omtalar pastorale⁷ somaliarar i Nord-Somalia som «natural relativists», det vil seie at dei delar sitt sosiale univers til *dei som er nære* og *dei som er fjerne*. Presis referanse til desse termene varierer avhengig av sosial kontekst. I særleg grad vil tilgangen på økonomiske ressursar vere avgjerande for kven ein allierer seg med. Fleire av dei somaliske informantane i Berg understreka at «I Norge er alle somaliarar». Det ser likevel ut til å vere ein tendens til at felles klanstilknytning vert lagt til grunn som organisatorisk prinsipp når somaliske flyktningar sjølv vel busetjingskommune ved sekundærttilflyttingar⁸ (Jamfjør. St. meld. 17: 74). Som dei somaliske informantane i Berg sa det: «Dei første som kom hit var *Darood*⁹, sidan har andre frå same klan kome hit til kommunen, fordi vi kjenner kvarandre og hjelper kvarandre.»

«Vi trodde det var religionsfrihet i Norge»

Eksiltilveret vart omtala som ei vanskeleg tid for oppseding av born.

Barna er familien sine barn, og når det er vanskelige tider hjelper vi hverandre. Nordmenn bryr seg ikke om barna sine slik vi gjør, og lar det offentlige ta seg av oppdragelsen (Nuria).

Ei av mødrene i Sentrum, Sarah, som nyleg hadde vitja slektningar i Djibouti, let eit par av borna vere att hjå slektningar der. Ho uttrykte seg slik på spørsmål om kvifor ho ikkje tok med alle borna tilbake til Berg:

Det er vanskelig å oppdra barna i Norge. Man er sånn aleine om oppdragelsen her. I Somalia er alle rundt en med på det... det går av seg sjøl, forstår du? Men her må barna virkelig oppdrages om det skal gå bra... fordi det nesten er bare vi foreldrene som bryr oss. Det er viktig at barna får skikkelig kjennskap til somalisk kultur og religion, men det er vanskelig for oss å klare det her. Moren min og søstrene mine der hjemme, tar seg av oppdragelsen av barna no.

Å hjelpe kvarandre handla også om å ta ansvaret for kvarandre sine born når foreldre var på skule eller arbeid. Å la det offentlege ta over dette ansvaret karakteriserte dei fleste foreldra i sentrum som lite ønskeleg. Foreldreinformantane her omtala barnehagen som aktuell berre siste året før skulestart; «for å lære norsk» som dei sa.

Nuria meinte at norske foreldre i altfor stor grad overlet oppsedinga av borna sine til det offentlege. Med det offentlege sikta ho særleg til barnehagen, men

⁷ Pastorale nomadar har sin hovudnæring i dyrehold; kyr, sauer, geiter og kamelar. Kjøtt og mjølk er viktigaste næringsproduktane.

⁸ Sekundærttilflytting er eit omgrep nytta når flyktningar på eige initiativ flyttar frå den første kommunen dei vart busette i (primærttilflytting) til ei annan kommune.

⁹ *Darood* er ei av dei seks største klansfamiliane i Somalia.

også til skulen si oppdragarrolle i høve til livssyns- og religionsundervisning. Alle foreldra hadde ei oppfatning om at ansvaret for religiøs oppseding var deira heilt og fullt saman med resten av den etniske gruppa i Noreg. Det kunne ikkje vere den norske skulen sitt ansvar, sidan skulen hadde sitt fundament i kristne verdiar. Fleire uttrykte difor stor undring over at borna ikkje kunne få fritak frå det dei oppfatta som «uheldig påverknad» i fag som dreia seg om formidling av religiøse aspekt ved tilveret. Det vart gjerne referert til historier dei hadde høyrte allereie før dei kom til Noreg. Historiene dreia seg om at Noreg var eit liberalt land når det galt religionsundervisning i grunnskulen, og at det var mogleg å søkje fritak frå dette faget. «Men no forstår vi jo at det ikkje er slik likevel» (Aadaan, far til fire). Aadaan forhandla likevel med skulen og skulekontoret om heilt eller delvis fritak for sonen frå KRL-timane¹⁰.

«Leik handler ikke om ting hos oss»

Oppvekst i Somalia handlar langt på veg om eit liv utandørs, i skarp kontrast til det norske innelivet. Med bakgrunn i den nomadiske livsforma, klimatiske tilhøve og ikkje minst sosioøkonomiske tilhøve (lang tids tørke, fattigdom og krig), var barns leik med *ting* som ferdigproduserte leike- og sportsutstyr, totalt fråverande som røynsle for dei aller fleste av foreldra underoppveksten. Nokre hevda at om ein spør somaliske born (i Somalia) også i dag kva dei leikar med, så vil dei mest truleg svare «Ingenting». Det betyr sjølvsagt ikkje at somaliske born ikkje leikar. Ein av foreldra sa det slik:

Somaliske barn leker på en annen måte enn det norske unger gjør. Mer likt uteleken i Norge, med fysiske aktiviteter. Men somaliske barn har også langt flere plikter og oppgaver i familien enn det norske barn har...

Når det gjelder å besøke andre norske barn så er nok det ofte et problem for oss. De norske barna har jo alle slags ting. Somalierne har ikke råd til det. Vi har ofte dårlig økonomi fordi vi må bruke mye av pengene våres til annet enn ting. For eksempel det viktig for oss å hjelpe andre familiemedlemmer der hjemme.

Fleire fortalte at dei oppfatta det som audmjukande for borna deira at norske heimar og norske born hadde så mange *ting*. Foreldra var uroleg for at eigne born ville stille spørsmål ved prioriteringane «den somaliske familien» gjorde. For nokre av foreldra var difor strategien å stimulere borna til å halde seg til «sine». Andre igjen, som Osman og Halima i Dalen, hadde ei anna tilnærming:

¹⁰ KRL: Kristendom, religion og livssyn. I august 2008 vart faget endra til namnet Religion, Livssyn og Etikk (RLK).

«Jeg er somalier, men jeg er også et individ»

Å leve som i ei sekt med sin egen lojalitet – det er en slags «kort tanke», somen drøm, eller om du forstår... en luftspeiling. Å tro at man kan leve i Norge i sin egen konservative verden på utsiden av samfunnet... Det er ikke mulig og det er heller ikke bra for barna våre (Osman, far til to)

Osman og Halima var dei foreldra med somalisk opphav som hadde budd lengst i Skandinavia (ca. 12 år). Tidlegare røynsler frå eit bustadmiljø med høg innvandrarprosent i barnehage og skule, hadde gjort Osman og kona Halima i Dalen på vakt overfor faktorar som kunne skape innvandrarfiendtlige haldningar i majoritetsbefolkninga. Ein måte å førebygge dette på var å samarbeide med skulen og barnehagen. Som Osman sa det: «Eg prøver å vere i dialog med lærarar og barnehagepersonalet». Både han og kona Halima sa dei såg for seg ei framtid i Noreg. Som far la han difor vekt på å vere saman med borna «inn i det norske» (som han uttrykte seg). Det gjorde han ved å skaffe seg kunnskap om og bli kjent med dei institusjonane som var sentrale i borna sin kvardag. Han kunne til dømes oppsøke barnehagen og lese for heile barnegruppa i kosekroken. «Det er viktig for Hassan og Abdi at dei andre ungane kjenner pappaen deira», fortalde Osman. Han gjekk aktivt inn for å drøfte med personalet i barnehagen og i skulen korleis dei med enkle metodar kunne hjelpe Abdi og Hassan å skilje mellom kristne og islamske verdjar. Han sa det slik:

Det er ikkje bra for borna mine, om dei skal ut av KRL-timane, eller på annan måte bli haldne borte frå det dei andre barna driv på med i skulen og barnehagen fordi vi er muslimar. Det vil berre skape større av stand og forskjellar frå dei andre. Det er vanskeleg nok at dei er svarte, og har foreldre med ein framand kulturbakgrunn. (...) Når dei skal syngje kristne songar, har eg bedt dei om å vere tydelege overfor barna mine ved å fortelje dei at «dette er kristne songar - og ikkje muslimske». Det er heilt greitt at dei syng salmar og utføre kristne ritualer, så lenge barna mine får vite kva som er kva. Sjølv om KRL-faget ikkje skal forfordele nokon bestemt religion, så trur eg likevel dei kristne verdiane vil stå heilt sentralt - særleg i jule- og påskehøgtidene. Vi bur jo i Noreg. Men barna mine er for små til å oppfatte disse forskjellane, dersom dei vaksne ikkje forklarar dei det. Fordi alt rundt oss er norsk blir dette fort utydlig for dei. Det viktigaste får dei likevel vite av oss heime.

Når eg har nytta omgrepet foreldrestrategiar, kan det kanskje tolkast som at foreldra kunne velje mellom klare alternative måtar å posisjonere seg på i høve til det offentlege som t.d. skulen og barnehagen. Det var nok ikkje alltid slik at foreldra sjølve opplevde å stå overfor reelle val i så måte. Kanskje handla det meir om å leve med brytningane knytte til gamle og nye røynsler og ta

inn over seg ulike dilemma som foreldrerolla innebar? Sett i eit livslaupsperspektiv representerte rolla som far eller mor til skuleborn, nye røynsler for dei aller fleste av dei somaliske foreldra i Berg. Berre ein av dei hadde meir enn eitt års røynsle i denne rolla. Eksiltilværet innebar dessutan at foreldra, både i Sentrum og i Dalen, stod overfor mange dilemma i oppsedinga av borna der dei måtte søkje løysingar som tok omsyn til både familien sin kulturelle bakgrunn og ungane sin konkrete «her og no»-situasjon. Ein kan difor tolke foreldrestrategiane og måten å forholde seg til borna sin kvardag i skule og barnehage på, som uttrykk for ikkje-val, eller mangel på alternativ. Eg støttar meg her til det Reidar Grønhaug (1997) kallar «livsverdenevolusjon», der handlingar blir til som del av livsløpsutfolding, i livsverder i stadig utvikling. Omgrepet kan forståast som handling utifrå aktørane sine valdilemma i organiserande kontekst, og ikkje berre som handling som utslag av aktørane sin kultur. Korleis foreldra posisjonerte seg i høve til skule og barnehage var gjenstand for ein refleksiv konstruksjon innanfor visse føresetnadar og rammer. Kvar familie hadde sin kultur, sine verdjar, livsrøynsler, haldningar og sosiale nettverk, som påverka korleis dei som foreldre i ulike situasjonar posisjonerte seg i høve til det offentlege.

Nokre refleksjonar

Gjennom informantane sine stemmer har eg vist at grenser mellom etniske grupper ikkje er nøytrale. Det handlar om rangeringar og referansar til ein verdiskala om kva som er bra versus dårleg, likt versus annleis og ulikt, og kven som passar inn i etablerte kategoriar og førestillingar om «oss» og «dei».

Som folk flest ønska dei somaliske foreldra i Berg å klare seg sjølve. Å klare seg sjølve kan i denne samanhengen knytast til det å vere økonomisk uavhengig av offentlege ytingar som sosialhjelp og arbeidsløysetrygd. Sentrumsfamiliane skapte gjerne sine eigne sosiale nettverk basert på etniske fellesskap. I familiære konflikhtar vart desse nettverka i særleg grad aktiverte. Mellom anna ved at deira eigne eldste klansmedlemer vart rekrutterte som meklarar og rådgjevarar. Dette var sosiale prosessar som gjerne gjekk føre seg parallelt med at det offentlege hjelpeapparatet var inne i same familie. Oftast var det ukjent for dei offentlege hjelparane at slike private meklingsprosessar i det heile tatt var i gang. Der sakshandsamar vart kjent med at private rådgivarar frå eige etnisk nettverk var inne i same sak, vart fenomenet nærmast handsama som «ikkje-eksisterande». På spørsmål frå forskaren om det kunne vere aktuelt for hjelpeapparatet å trekke inn dei private rådgivarane og

det utvida klansfellesskapet i samarbeidet med familien, vart dette oppfatta som ein interessant, men likevel svært uvant og ny tanke.

Kommentarar i den tverrfaglege gruppa som «Dei boikottar alle tiltak» og «Dei vil ikkje betale for barnehageplass fordi dei heller sender pengane til slekta i utlandet», dukka stadig opp i diskusjonane på møta. I lys av dette kunne somaliarane oppfattast som «arrogante», «stolte» og «avvisande».

Dei somaliske foreldra vart likevel ikkje omtala einsidig negativt. Informantar innan det offentlege gav også til kjenne ein respekt og beundring for somaliarane i kommunen. I særleg grad gjaldt det dei somaliske kvinnene. Kanskje nettopp fordi sterk vilje og integritet appellerte til dei norske kvinnene innan det offentlege? «Dei er vakre og stolte» og «dei har sine egne meningar», og «dei veit jammen kvar skapet skal stå» (om dei somaliske kvinnene) osv. Implisitt at dei ikkje samsvarar heilt med våre førestillingar og stereotypiar om muslimske kvinner som undertrykte og tause?

Norske kulturtrekk er prega av individualisme, og forventningar om å få del i andre familiemedlemer sin rikdom, er gjerne små. For mange menneske frå den tredje verda vert dette fenomenet oppfatta radikalt annleis. Deisomaliskeinformantanevistetilatpersonleg velvære og livskvalitet i eksil var knytt til at dei gjorde dei «rette» og «kloke» økonomiske prioriteringane. Å sende pengar til familie og slekt i heimlandet var ei slik viktig prioritering. Her kunne det nok ligge ein kime til konflikt om partane ikkje var merksame på dette. Det offentlege sine strategiar for å hjelpe flyktningane, og flyktningane sine egne strategiar avspegla forskjellige måtar å løyse levekårsproblem på. Ved å gjere individet og kjernefamilien til den sosiale eininga som skal utrustast med ressursar, ser gjerne det offentlege bort ifrå at mange flyktningar på si side oppfattar livskvalitet som avhengig av at slike individuelle ressursar vert forvalta innanfor eit større sosialt fellesskap.

Dei offentleg tilsette var bundne til moralske, juridiske og profesjonelle forpliktingar til å skulle utøve eit mandat i høve til flyktningar i kommunen. Samstundes gav dei uttrykk for ei oppleving av å stadig mislukkast i ei implementering av nemnde mandat. Målgruppa, somaliarane, passa ikkje inn i tiltaka. Kanskje fordi dei responderte annleis på hjelpeapparatet sine tiltak og tilbod enn kva andre flyktninggrupper i Berg hadde gjort?

Når representantar for det offentlege i Berg kunne hevde at: «Det e'kje råd å ha kontroll over somaliarane», svarte gjerne somaliarar med ein tilsvarande stereotypi av det offentlege: «Systemet vil vite alt om deg i Norge». Begge stereotypiane kan ha

sine referansar i ulike verdsbilete. Frå det offentlege si side kan det ha opphavet sitt i ei oppfatning om det offentlege som ein velmeinande kontrollør, samt ein generell tillit til abstrakte system som velferdsytarar. Habermas omtaler dette som «systemverda» si kolonisering av «livsverda»; eller tesen om den moderne rasjonalisering av samfunnsprosessen og ekspertane («terapeutokratiet») si overtaking av problemløysing (Eriksen og Weigård, 1999). I dette «terapeutokratiet» er det viktig å ha oversikt, orden og kontroll for å kunne framstå som profesjonell. Tian Sørhaug (1998) omtaler eit slik fenomen knytt til sosialdemokratiske regime som lite kjenslevare i høve til korleis forskjellar er forskjellige. Han peikar på at at terapeutiske strategiar kan ha ein generell tendens til å transformere forskjellar til patologiar eller manglar. «Det noen Andre er - hvis de er forskjellige fra Oss - framstår som noe de ikke har eller ikke er. Dermed kan de utsettes for et bredt arsenal av kompensatoriske tiltak(...)». Forskjeller blir til et sosialt problem som vi kan løse» (Ibid 1998:133).

For dei somaliske foreldreinformantane i min studie, representerte det norske systemet ingen sikker garanti for tryggleik og velferd. Stereotypien «Systemet vil vite alt om deg» kan like gjerne ha sin referanse i eit verdsbilete der tilliten til overlokale autoritetar, eller abstrakte velferdssystem som til dømes staten, er fråverande. Ioan Lewis (1994:130) omtaler ei slik form for autoritetsfrykt blant somaliarar som eit karaktertrekk som han hevdar er nært knytt til at det innanfor somalisk politisk autoritet i liten grad finnast eit verkeleg hierarki av sjefsfunksjonar. Ein kvar mann er til ei viss grad sin eigen «herre» innanfor grensene av den mannlige slektslina, og den mannlige slektslina er det han karakteriserar som det verkelege politisk organiserande prinsippet i somalisk kontekst (ibid).

Fleire av dei mannlige somaliske informantane i bygdebyen uttrykte eit ubehag ved at «systemet» hadde mynde til å gripe inn, eller bestemme over det dei oppfatta som foreldra og familien sitt ansvarsområde. I særleg grad sikta dei då til ansvaret for oppsedinga av borna. Opplevinga av eit kontrollerande system, vart gjerne tolka som eit fornorskingspress og eit krav om å bli assimilert i «det norske».

Eg vil til slutt stille spørsmål ved om det problematiske i relasjonen mellom det offentlege og somaliarane som gruppe, kanskje ikkje først og fremst dreiar seg om at *dei andre* verken manglar noko eller «feilar» noko, men rett og slett ikkje finn referansepunkt i eige verdsbilete?

Når somaliarane av det offentlege hjelpeapparatet vert oppfatta som vanskelege å ha kontrollen over, eller som den gruppa flyktningar som har vanskelegast for

å tilpasse seg det norske samfunnet, er min påstand difor at dette ofte handlar om møter mellom ulike verdsbilete.

Det er viktig å søkje forståing for korleis menneske i eksil kjemper for å skape kontinuitet mellom ekstremt ulike livssituasjonar (som til dømes mellom Somalia og Noreg).

I denne prosessen kan det vere vel så viktig å rette fokus mot korleis etnisk norske i det offentlege hjelpeapparatet søker meining i eige «terapeutokrati». I møte med det som verkar annleis og framandt på heimebane, kan det nemleg vere snublande lett å oversjå det opplagte, men ikkje desto mindre eigenarta og sære.

Referanser

- Djuve, Anne Britt og Hagen, Kåre (1995): «Skaff meg en jobb!» *Levekår blant flyktninger i Oslo*. Fafo-rapport 184 /1995
- Djuve, Anne Britt og Pettersen, Hanne Cecilie (1998): *Må de være ute om vinteren? Oppfatningar om barnehager i fem etniske grupper i Oslo*. Fafo-rapport 262
- Eide, Elisabeth og Simonsen, Anne Hege (2007): *Mistenkelige utlendinger: Minoriteter i norsk presse gjennom hundre år*. Oslo: Høgskoleforlaget
- Eriksen, Erik O. & Weigård, Jarle (1999): *Kommunikativ handling og deliberativt demokrati*. Fagbokforlaget, Bergen
- Fangen, Katrine (2008): *Identitet og praksis. Etnisitet, klasse og kjønn blant somaliere i Norge*. Oslo: Gyldendal Akademiske
- Grønhaug, Reidar (1979): Nordmenn og innvandrere. Om etnisitet og klasse som ulike forutsetninger for sosial deltakelse i Norge, i Reidar Grønhaug (red.) *Migrasjon, utvikling og minoritet*. Universitetsforlaget, Oslo 1997. Rettsstaten, det flerkulturelle og antropologien. I *Norsk Antropologisk Tidsskrift* 3-4/1997 8. årgang, Universitetsforlaget
- Højdahl, Torunn (2000): *Somalier i diaspora. En studie av splittede somaliske hushold i Oslo*. HIO-hovedfagsrapport 2000. nr. 4 Hovedfag i flerkulturell og utviklingsrettet utdanning. Høgskolen i Oslo
- Kalve, Trygve (1997): «Innvandrerbarn i barnevernet: Flyktning-barn mottar oftest hjelp». *Samfunnsspeilet* nr. 3, 1997
- Keynan, Hassan (1999): «Reconfiguring Somali Political landscape – Patterns of Political Mobilisation and Reticence». I Tesli and Holm-Hansen (eds.) *Building the State*. NIBRs Pluss Series 2-99 2002. «Mannsrollen fremmer krigen». I *Embla* nr. 7, 2002
- Knudsen, John Christian (1997): *Eksilets representasjoner og forskernes fortolkninger*, I *Norsk Antropologisk Tidsskrift*, nr 1/1997
- Klepp, Ingunn (2002): *Ein diskursiv analyse av relasjonar mellom somaliske familiar og lokalbefolkninga i ein vestnorsk bygdeby*. Hovedfagsoppgåve i sosialantropologi, Universitetet i Bergen (2003): *Trivsel og integrasjon blant etniske minoriteter. Ein kvalitativ studie av afghanske og somaliske flyktningar i to kommunar på Nord-Vestlandet*. Arbeidsrapport nr.145, Høgskulen i Volda/Møreforskning Volda
- Lewis, Ioan M. (1994): *Blood and Bones. The Call of Kinship in Somali Society*. The Red Sea Press, Lawrenceville (1994): *Peoples of the Horn of Africa*. New Edition. Haan Associates, London
- Marametdjian, (1995): *Somali Refugees in Tromsø: Acculturation of men and women*. M.A Thesis, November 1995, Psychology dep. University of Tromsø *Somaliaprojektet. Om bosetting av somaliere i 12 kommuner på Vestlandet*. UDI Regionkontor Vest, januar 2001
- Sørhaug, Tian (1998): Når forskjellene er forskjellige: et notat om den gode universalisme og en fornote til debatten mellom Borchrevink og Grønhaug. I *Norsk Antropologisk Tidsskrift* 2-3/1998 9. årgang
- Tambs-Lyche, Harald (1991): Om etniske stereotypiers oppbygging og form. *Norsk Antropologisk Tidsskrift*, 2 (2)
- Vassenden, Kåre (red) (1997): *Innvandrere i Norge. Hvem er de, hva gjør de og Hvordan lever de?* Statistiske analyser, Statistisk sentralbyrå